

- Landbruksmeldinga opnar for ei spennande regional dreiging i politikken

Det mest spennande i den nye landbruksmeldinga handlar om at regionale skilnader i Noreg skal kunna utnyttast betre i landbruk og nye bygdenæringar, seier Rektor ved Høgskulen for landbruk og bygdenæringar, Dag Jørund Lønning.



Dette gjer rom for nyskaping og kreativitet rundt bygderessursane, samtidig som tradisjonell matproduksjon kan styrkast ytterlegare der det ligg til rette for dette, skriver [Høgskulen for landbruk og bygdenæringar \(HLB\)](#).

- Tradisjonelt har ein i landbruket vore livredd for å vedgå at regionar er forskjellige og difor bør satsa på ulike ressursar. No opnar meldinga for ein radikal snunad, rett og slett ei regional dreiging. Dette er spennande, seier Lønning.

- Ein har vore nærast levande redd for å vedgå dette, noko som verken har gagna regionar der det meste ligg til rette for effektiv landbruksproduksjon eller område som burde satsa heilt annleis og som har heilt andre utviklingspotensial. At melding opnar for å snu verkemidla på dette feltet er spennande, og vil gje utviklingsrom for nyskaparar og kreative bygdeutviklarar. Ei slik vinkling må og opna for å kunna styrka jordvernet i spesielt viktige produksjonsområde som Jæren, legg Lønning til.

[Les også: Han kan gjøre deg til bachelor i bygdeutvikling](#)

Rektor Dag Jørund Lønning peikar vidare på at opprettinga av nye bygdeutviklingsprogram over heile landet vil gje rom for spennande lokale og regionale prosessar knytt til identitet og særpreg.